



No er det 75 aktive i grøne trøyer (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsmeldinga for fotballgruppa fortel at det siste sesong har vore 75 aktive fotballspelarar fordelt på 51 gutar i alderen 6-12 år og 24 jenter i same aldersgruppe. Det er inngått avtale med Rosendal om eit felles gutelag G 13 som Rosendal administrerar. Dei skal spela kamper på Heio denne sesongen.

Det er trong for fleire dommarar og det vil bli søkt etter ungdommar og vaksne som ynskjer å ta dommarkurs, Det var under Spar-cupen naudsynt å låna dommarar frå Trio for at det skulle vera tilstrekkeleg. No skal dei ha ein runde med folk i bygda og høyra om det er interesse.

Det er også for få trenarar, særleg for kullet 2004/2005 som treng to trenarar til. Det er og trong for oppmenn til fleire av laga. Dette er trenarane no: Roar Musland/Gøril Samland, Line Taranger/Hilde Bringedal, Odd Steinar Arnesen/Bjørn Olav Tveit, Kjell Erik Tarranger/Ivar Gundersen.

Vannskaden i klubbhuset for 2 år siden er no reparert og dusjane kan brukast att. Ljoset på grusbana må reparerast. Noko ljøs står no på heile døgeret samstundes som det ikkje er mogeleg å slå på alle ljosa.

Kvinnherad Energi har sponsa laget med 15 000 til ny klyppar, men det manglar 15 000, Idrettslaget må eventuelt dekkja dette men skal

først gå ein runde til med kommunen, vart det vedteke under årsmøtet.

Av Ola Matti Mathisen